



Etter adresseliste

SAKSBEHANDLAR: MARIA C. KNAGENHJELM

ARKIVKODE: 2012/1166 -

DATO: 30.03.2012

**JOSTEDALSMBREEN NASJONALPARKSTYRE - PROTOKOLL FRÅ KONSTITUERANDE MØTE 13.13.2012**

Dato: Tysdag den 13. mars 2012

Tid: Kl. 08.30 – 15.00

Stad: Kviknes hotell i Balestrand

Til stades frå styret:

Ivar Kvalen, Luster kommune (leiar)

Sven Flo, Stryn kommune (nestleiar)

Gunnvor Sunde, Gloppen kommune

Einar Målsnes, Balestrand kommune

Oddmund Klakegg, Jølster kommune

Turid Vallestad, vara, Førde kommune

Marie Johanne Folven, vara, Stryn kommune

Nils P. Støyva, vara, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Ivar Kvalen og Sven Flo måtte gå etter sak 5 - 2012. Marie Johanne Folven fungerte deretter som representant for Stryn kommune.

Forfall:

Eline Orheim, Sogndal kommune

Jarle Skartun, vara, Sogndal kommune

Marit Aakre Tennø, Luster kommune

Andre deltakarar:

Maria Knagenhjelm, sekretær/nasjonalparkforvaltar

Øyvind Bonesrønning, Direktoratet for naturforvaltning, var med på delar av møtet

Sakar til handsaming:

Sak 1 - 2012

**Godkjenning av innkalling og dagsorden**

*Godkjent.*

Sak 2 - 2012

**Val av to representantar for underskriving av protokoll frå førre møte**

*Gunnvor Sunde og Einar Målsnes vart valt.*

Sak 3 - 2012

**Konstituering av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Val av leiar

*Ivar Kvalen vart einstemmig valt som leiar av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre*

Val av nestleiar

*Sven Flo vart einstemmig valt som nestleiar av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre*

Sak 4 - 2012

**Val av arbeidsutval (AU)**

Val av to medlem til AU

*Styret vedtok samstemmig å opprette eit arbeidsutval på tre personar i tillegg til leiar. Sven Flo, Gunnvor Sunde og Karen Marie Hjelmeseter vart valt inn i arbeidsutvalet saman med leiar Ivar Kvalen.*

Val av to vara til AU

*Styret vedtok å oppnemne tre vararepresentantar til arbeidsutvalet, i prioritert rekkjefølgje. Oddmund Klakegg vart 1. vara, Eline Orheim vart 2. vara og Einar Målsnes vart 3. vara til AU. Vedtaket var samstemmig.*

Rammer for delegering av sakar til AU

*Styret vedtok å vidareføre ramma for delegering av saker til AU frå det konstituerande møtet 1. februar 2011. Det vart presisert at dersom saker vedtekne av au vert påklaga skal heile styret få høve til å handsame saka før vidare klagesaksgang.*

Sak 5 - 2012

**Kompetanseprogram**

Kl. 09.30 – 10.00

Historie og verneverdiar i Jostedalsbreen nasjonalpark

Kl. 10.00 – 10.15

Pause

Kl. 10.15 – 10.45

Verneforskrift, forvaltningsplan og prosessen framover

Kl. 10.45 – 11.15

Reiseliv i nærleiken av nasjonalparken

Kl. 11.15 – 12.00

Utfordringar og aktuelle tiltak framover (diskusjon)

Kl. 12.00 – 13.00

Lunsj

## **Orienteringssakar**

Status fagleg rådgjevande utval

*Alle dei inviterte interesseorganisasjonane har oppnemnt ein representant til det fagleg rådgjevande utvalet for Jostedalsbreen nasjonalpark. Følgjande namn er oppnemnt:*

<i>Naturvernforbundet:</i>	<i>Jon Farestveit</i>
<i>Universitetet i Bergen:</i>	<i>Alte Nesje</i>
<i>Nasjonalparksentra:</i>	<i>Nils Paulsen</i>
<i>Sogn og Fjordane Bondelag:</i>	<i>Merete Støfring</i>
<i>Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag:</i>	<i>Ingolf Folven</i>
<i>Reiselivslaga:</i>	<i>Peder Kjærvik</i>
<i>Sogn og Fjordane turlag:</i>	<i>Ingeborg Flaten</i>

Status administrativt kontaktutval

*Kommunane har oppnemnt ein person i administrasjonen som skal kunne fungere som kontaktperson for nasjonalparksekretariatet. Sidan styremøtet har også Førde oppnemnt ein kontaktperson.*

<i>Luster kommune:</i>	<i>Steinulf Skjerdal</i>
<i>Sogndal kommune:</i>	<i>Torunn Emma Torheim</i>
<i>Balestrand kommune:</i>	<i>Jørgen Hundseth</i>
<i>Førde kommune:</i>	<i>Berit Holme (ny)</i>
<i>Jølster kommune:</i>	<i>Finn Olav Myhren</i>
<i>Gloppen kommune:</i>	<i>Harald Kjær</i>
<i>Stryn kommune:</i>	<i>Odd Rønningen</i>

Orientering om økonomiske midlar til tiltak i 2012 (bestillingsdialogen)

*Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått midlar til fleire tiltak for 2012. Under er oversikta over omsøkte og tildelte midlar for inneverande år. Eventuelle restmidlar vert trekt tilbake ved årsskiftet.*

<i>Fortsetting av Skålastiprosjektet:</i>	<i>tildelt kr 400 000,-</i>
<i>Plan for restaurering av gamle ferdselsveger:</i>	<i>tildelt kr 100 000,-</i>
<i>Skiltprosjekt:</i>	<i>tildelt kr 70 000,-</i>
<i>Studentoppgåve, plan for innfallsportar:</i>	<i>tildelt kr 70 000,-</i>

*I tillegg har styret fått kr 200 000,- i ufordelte tiltaksmidlar for 2012.*

Orientering om budsjettet for 2012 (dersom det har komme frå DN)

*Midlane var ikkje komme på tidspunktet for styremøtet.*

Orientering om skiltprosjektet

*Nasjonalparken har fått midlar til vidareføring av skiltprosjektet, der unike skilt skal settast opp på ulike stader rundt nasjonalparken. Vi samarbeider med Norsk Bremuseum som både stiller med fagkompetanse og bidreg med administrasjon av rekneskap.*

Sak 7 - 2012

**Frie midlar til nasjonalparkstyret for bruk i verneområdet (drøftingssak)**

*Styret får tildelt kr 195 000,- for disponering til det beste for nasjonalparken. Kva ønskjer styret å prioritere for 2012?*

*Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fekk kr 200 000,- (oppjustert) i ufordelte midlar for tiltak i verneområdet i samsvar med forvaltningsplanen. Styret drøfta ulike måtar å nytte midlane på, mellom anna: Nytte midlane til dei tiltaka vi ikkje fekk full uttelling på i bestillingsdialogen. Nytte midlane til kartlegging av kulturminner.*

*Styret konkluderte med at sekretæren legg fram eit konkret forslag til fordeling av midlane til neste styremøte. Kartlegging av kulturminner bør også vere eit aktuelt tiltak for bestillingsdialogen for 2013, samt viktig for revideringa i forvaltningsplanen.*

Sak 8 - 2012

**Jubileumsarrangement i juni (drøftingssak)**

*I juni 2012 er det 20 år sidan Jostedalsbreen nasjonalpark vart offisielt opna. Tidlegare styrevedtak har lagt opp til eitt eller fleire arrangement. Ønskjer nasjonalparkstyret å halde eit jubileumsarrangement i juni? Kva rammer ønskjer ev styret for arrangementet?*

*Styret ønskjer å markere den offisielle opninga av nasjonalparken, og gjerne i samarbeid med Brefestivalen i Jostedalen. Dato for Brefestivalen er 15. – 17. juni 2012. Sekretariatet tar kontakt med Brefestivalen og legg fram plan for arrangementet på neste styremøte.*

Sak 9 - 2012

**Tidspunkt for handsaming av klage frå Anders Folven (drøftingssak)**

*Styret vedtok i oktober å gje eit rammeløyve for oppsetting av sel på Sunndalssetra. I november mottok sekretariatet ei klage frå eigar av naboselet. Styret må handsame klaga, og diskutere om det er best å ta ei synfaring til Sunndalen for å sjå området. Aktuelle tidspunkt for klagehandsaming kan då vere mai eller juni.*

*Styret drøfta tidspunktet for klagehandsaminga, og konkluderte med at styret har god nok dokumentasjon til å avgjere saka utan synfaring. Styret får klaga til handsaming på neste styremøte.*

Sak 10 – 2012

**Møteplan framover for nasjonalparkstyret**

*Neste styremøte blir primært mandag 7. mai, sekundært tysdag 8. mai. Lokaliseringa for styremøte er i Fjærland. Deretter vil styret samlast under markeringa av den offisielle opninga av nasjonalparken, truleg i løpet av Brefestivalen i Jostedalen som skal vere 15. – 17. juni. Tidspunktet for den nasjonale årlege nasjonalparkkonferansen på Otta er 30. august, og styret ønskjer eit styremøte lagt til Otta til dagen før.*

Sak 11 – 2012

**Årsrapport frå nasjonalparkstyret (drøftingssak)**

*I mange år har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og SNO Jostedalsbreen laga ei omfattande årsrapport om alt som har skjedd i nasjonalparken det siste kalenderåret. Ønskjer styret å prioritere å lage ein slik årleg rapport vidare?*

*Styret ønskjer å vidareføre arbeidet med årsrapport, og det er viktig for mange som har tilgrensande verksemdområde å følgje med på kva som skjer i nasjonalparken. Styret presiserte at rapporten ikkje treng å vere veldig omfattande.*

Sak 12 – 2012

### **Heimeside for nasjonalparkstyret (vedtakssak)**

*Alle større verneområde i Noreg har tilbod om å få tilgong til å lage egne heimesider for å lettare kunne nå ut til publikum, grunneigarar, lokale og regionale styresmakter. Sekretariatet har vore på kurs og er i stand til å drive heimesidene på ein rasjonell måte. Ønskjer styret å nytte seg av denne informasjonskanalen?*

*Styret vedtok einstemmig å ha eiga heimeside for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og nytte den som informasjonskanal for å nå ut til sine brukarar.*

Sak 13 – 2012

### **Medlemsskap i Europarc Federation (vedtakssak)**

*Jostedalsbreen nasjonalpark har i mange år vore medlem i den europeiske NGO (ikkje-statlege organisasjonen) Europarc Federation. Organisasjonen arrangerer årlege nasjonalparkkonferansar, og på byrjinga av 2000-talet hadde Europarc ein konferanse i Loen, der Jostedalsbreen nasjonalpark vart tema for synfaringar, med meir. Medlemsskap kostar 585 € per år.*

*Styret vedtok einstemmig å vidareføre medlemsskapet i Europarc Federation, og betale medlemsavgifta frå dei ufordelte tiltaksmidlane for 2012.*

Sak 14 – 2012

### **Eventuelt**

Rutine for føring av protokoll

*Protokoll vert i utgangspunktet sendt ut på e-post etter møtet til alle møtedeltakarane. Dersom det ikkje kjem merknadar eller vesentlege endringsforslag, vert protokollen offisielt sendt ut og vil vere søkbar på Offentleg elektronisk postjournal. Protokollen vert underskriven av leiar og to oppnemnte styremedlem på neste fysiske styremøte.*

Føring av reiserekning og møtegodtgjersle

*Sekretariatet sendar ut skjema for reise- og møtegodtgjersle etter styremøta. Det er viktig å følge instruksjonen, spesielt alle personlege opplysningar. Dei to skjema fyllast ut elektronisk, men de må skrive dei ut og underskrive. De kan anten scanne dokumenta og sende dei til Fylkesmannen eller sende dei i posten i lag med ev kvitteringar.*